

# Møteprotokoll

**Utval:** **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre**

**Møtestad:** Sogndal hotell, Sogndal

**Dato:** 07.12.2017

**Tidspunkt:** 10:30 – 14:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Einar Målsnes	Medlem	
Oddmund Klakegg	Medlem	
Ivar Kvalen	Medlem	
Sven Flo	Medlem	
Karen Marie Hjelmeseter	Medlem	
Jarle Aarvoll	Medlem	
Marius Dalin	Medlem	
Venke Kollbotn	Medlem	

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anne Rudsengen	Naturoppsyn
Alf Erik Røyrvik	Nasjonalparkforvaltar (vikar)

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

\_\_\_\_ Ivar Kvalen (sign.) \_\_\_\_

\_\_\_\_ Marius Dalin (sign.) \_\_\_\_

## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 40/17	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 41/17	Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 42/17	Orienterings- og drøftingssakar		
RS 36/17	Referat frå Fylkesmannen sitt møte med reiselivet i Briksdalen		
RS 37/17	Statens naturoppsyn lokalt presenterer årsrapport		
RS 38/17	Suphellebreen - Naturoppsyn Anne Rudsengen refererer frå synfaring og møte med grunneigar og kommune		
ST 43/17	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Vurdere krav om retting		2017/747
ST 44/17	Jostedalsbreen nasjonalpark - Bestilling av tiltaksmidlar for 2018		2017/3850
ST 45/17	Eventuelt		

## **ST 40/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 07.12.2017**

Oddmund Klakegg melder inn ei sak under ST 45/17 Eventuelt:

- Høyringssvar frå styret til Vassdirektiv og vassforvaltning.

#### **Vedtak**

Innkalling og dagsorden vart godkjent, med det tillegget.

## **ST 41/17 Val av eitt styremedlem til å skrive under protokoll**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 07.12.2017**

#### **Vedtak**

Marius Dahlin vart valt til å skrive under møtebok saman med styreleiar

## **ST 42/17 Orienterings- og drøftingssakar**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 07.12.2017**

Nasjonalparkforvaltar orienterte om to saker og svarte på spørsmål frå styret:

- a. Vikariering og prioritering av arbeidsoppgåver
- b. Driftevegen i Erdal

## **RS 36/17 Referat frå Fylkesmannen sitt møte med reiselivet i Briksdalen**

## **RS 37/17 Statens naturoppsyn lokalt presenterer årsrapport**

## **RS 38/17 Suphellebreen - Naturoppsyn Anne Rudsengen refererer frå synfaring og møte med grunneigar og kommune**

## **ST 43/17 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - Vurdere krav om retting**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 07.12.2017**

Sven Flo gjekk frå som ugild i saka.

#### **Vedtak**

Nasjonalparkstyret tok tilbakemeldinga frå tiltakshavar til vitande.

Styret peika på at tiltakshavar har frist til 2019 med å gjennomføre arbeidet, og at arbeidet ikkje er avslutta. Det vert derfor ikkje sett fram krav om retting på noverande tidspunkt.

Nasjonalparkstyret føreset at tiltakshavar set bygget i ein stand som er i tråd med løyvet, når prosjektet er avslutta.

# **ST 44/17 Jostedalsbreen nasjonalpark - Bestilling av tiltaksmidlar for 2018**

## **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 07.12.2017**

### **Vedtak**

Nasjonalparkstyret vedtok å bestille tiltaksmidlar for 2018 etter følgjande liste:

<b>Prioritering</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Skildring</b>	<b>Sum</b>
1	Drifteveg Sunndalen	Ruste opp drifteveg i Sunndalen i tråd med rapport	700 000
2	Plan for innfallsportar Suphellebreen og Bøyabreen	Lage plan/rapport for korleis ruste opp innfallsport/utkikkspunkt ved Suphellebreen	130 000
3	Stien til Flatbrehytta	Utbetrae enkelte parti på stien til Flatbrehytta. Planlagt, men ikkje gjennomført i 2017	10 000
4	Ferdselsveg Bøyadalen til Kvitevardane	Rydding, utbetring av gammal ferdseleseg	30 000
5	Kattanakken	Planlegging, rapport	30 000
6	Haugadalen	Bru og tilrettelegging på stien til breen	100 000
<b>Totalt</b>			<b>1 000 000</b>

Bestilling av SNO-ressursar:

Sjå vedlagt liste

## **ST 45/17 Eventuelt**

### **Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - 07.12.2017**

#### **Vedtak**

Eventuelt:

- a. Endringar i vassforskrifta og Naturmangfaldlova er ute på høyring, med høyringsfrist 15.januar 2018. Endringane gjeld forvaltning av vassressursar.

Jostedalsbreen er ein av landets største ferskvassressursar, og nasjonalparkstyret bør derfor sette seg inn i høyringsframlegget og eventuelt sende inn uttale.

Styret ber nasjonalparkforvaltar følgje opp saka og legge fram eit framlegg til høyringssvar for styret.

- b. To innkomne brev vart lagt fram for styret; eitt frå Skåla Opp og eit frå Norsk Bremuseen.

Begge handla om behov for motorferdsel, i samband med omsynsvis idrettsarrangement og produksjon av film.

Nasjonalparkstyret er positive til filmen som Bremuseet skal lage. Styret ber forvaltar gå i dialog med Bremuseet og dei som skal produsere filmen og be dei lage til ein meir konkret søknad for motorferdsel og dronebruk.

Nasjonalparkstyret ber forvaltar om å gå i dialog med Skåla Opp og andre aktørar som brukar motorferdsel til Skåla, for å finne løysingar for korleis ein kan stette behov for transport og samstundes halde motorferdsel til Skåla på eit lågast mogeleg nivå.